

Til: Olje- og energidepartementet

Frå: NCE Maritime CleanTech

IPCEI som viktig brikke for norsk teknologiutvikling

NCE Maritime CleanTech (MCT) er ei næringsklynge som omfattar nær 130 verksemder frå heile den maritime verdikjeda, samt kompetansemiljø innan fornybar energi, energilagringsteknologiar, forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar. Fleire av klyngedeltakarane er internasjonalt leiande innan sine teknologi- og kompetanseområde, og har vore pionerar i å utvikla og ta i bruk nye energiberarar på ulike typar fartøy.

Me jobbar for at norsk industri skal kunne ta ei leiande rolle innan løysingar for hydrogen og hydrogenbaserte drivstoff. Dette vil gi norsk industri store eksportmoglegheiter, og samtidig leggja til retta for betydelege utsleppsreduksjonar.

Det er svært positivt at regjeringa no skal utvikla eit norsk vegkart for hydrogen. Me meiner dette vegkartet må omfatte etablering av ei tett kopling mellom Noreg og EU sin industri- og energipolitikk, slik at norske industribedrifter får tilgang til og moglegheiter for å delta i utviklings- og finansieringsprogram som EU initierer. Som ein del av dette arbeidet meiner me Noreg må melda si interesse for å delta i IPCEI-ordninga, som er ein viktig del av EU si hydrogensatsing.


IPCEI vil vera ein viktig brikke for norsk teknologiutvikling, for å koplare norske selskap på europeiske verdikjeder og for å utvikla marknader for hydrogen retta inn mot industri og transport. IPCEI vil også vera eit viktig verktøy for å få realisert den norske hydrogenstrategien og det kommande vegkartet for hydrogen.

Med dette ønskjer me også å melda inn NCE Maritime CleanTech og vårt arbeid med å få opp verdikjeder for ammoniakk og hydrogen som eit aktuelt prosjekt når Noreg evt. melder si interesse. Gjennom vår deltaking i eit Pilot-E prosjekt som skal byggja opp ei verdikjede for flytande hydrogen, og EU-prosjekta HySHIP (hydrogenskip og distribusjonsløysing for hydrogen), Flagships (hydrogenskip) og ShipFC (ammoniakkskip) er me allereie i gang med oppbygginga av nye verdikjeder for både hydrogen og ammoniakk. Dette arbeidet kan ha stor strategisk verdi for i Europa. I Noreg finn me også leverandørar av brenselcellesystem i MW-storleiken, ammoniakkmotorar og naudsynt testinfrastruktur for grønne energisystem gjennom katapult-senteret Sustainable Energy.

Prosjekta nemnd over inneheld også fleire europeiske partnarar, og utviklingsarbeidet har difor stor overføringsverdi til oppbygginga av verdikjeder for nye drivstoff også i andre land.

Me stiller gjerne til ei møte for å diskutera dette nærmare.

Med venleg helsing



Hege Økland

Adm. dir., NCE Maritime CleanTech